




Tru:Ø

Velkommen til Babysong



Kjelde: www.kyrkja.no

Velkommen!



Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samvær på Salem Moster. Me møtest ca. annakvar måndag kl.11.00 og avsluttar med å eta lunsj. Song og musikk er viktig for babyen, og di stemme er den finaste babyen veit.

Bedehuset er ope kl. 10.30 – 12.30

Songstund kl.11.00 – 11.30

Me serverer lunsj og har kaffi, varm sjokolade og te.

Det vert babysong desse måndagane våren 2019:

14. januar

28. januar

11. februar

11. mars

25. mars

8. april

6. mai

20. mai

Kva er Babysong?

Babysong er ei songstund der me samlast i ring på golvet. Songstunda varer ca 30 min, og den inneheld blant anna namnesong, kristne songar, rim og regler og dans. Me varierer mellom å sitja og liggja på golvet og å stå og dansa i ring.

Songstunda er eit godt høve for foreldre til å få kontakt med babyen, difor ynskjer me minst


mogleg snakk mellom foreldre i denne stunda. Me brukar tida før og etter-til prat.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane på Bømlo





Meir om Tru:Ø Babysong

Kva vil me med babysong?

- Formidla eit positivt Gudsbilete
- Tilby eit kristent nettverkknypunkt mellom heim og kyrkje.
- Medverka til positiv kontakt mellom barn og vaksne ved å stimulera dei vaksne til å syngja med barna sine.
- Stimulera barnet si språklege, musikalske og motoriske utvikling.
- Utvikla barnet si oppfatning av rom og kropp.
- Formidla ein variert songskatt.
- Utvikla sosialt fellesskap for barna og dei vaksne.

Tilbodet er for alle babyar mellom 0 og 1 år.

Venleg helsing Moster kyrkjelyd

Bømlo Kyrkjelege Fellesråd
Leirdalen 1, 5430 BREMNES
Telefon: 53 42 32 95
Epost: marta.havn@bomlo.kommune.no

Kva er Tru:D?

Tru:D er trusopplæring for barn og unge i alderen 0 – 18 år i kyrkjelydane på Bømlo. Dåp og opplæring høyrer saman. Foreldre, fadrar og kyrkjelyd har eit felles ansvar for at barna skal få leve og vekse i trua.

Kvart år vil barna få tilbod om å vere med på Tru:D som har namn etter alderen på barnet. 4-årsbok har for eksempel namnet Tru:D4. Tru:D har ulike tema, innhald og aktivitetar.

Alt Tru:D er ikkje på plass enno, dei skal kome til etterkvart. Invitasjon til Tru:D vert send til alle barn som er døypte i kyrkja, eller har foreldre som er medlem i kyrkja. Elles er alle velkomne enten ein er døypt eller ikkje.

Trusopplæring skal vera eit tilbod til alle, uavhengig av funksjonsevne. Me ynskjer at alle barn skal kunna delta i Tru:D, og set pris på at foreldre tek kontakt slik at me kan avtala tilrettelegging der det trengs.

Velkommen til Tru:D med barna!